


# LEIAR KRAFTHANDEL OG DRIFTSSENTRAL



SKL er ein vasskraftprodusent som årleg produserer om lag 2.700 GWh elektrisk energi. Det er nok til 150.000 husstandar – eller om lag forbruket til Bergen by. Vasskraft er naturleg og berekraftig. Me forvaltar våre felles naturressursar og gjev energi attende til lokalsamfunnet.

SKL er Norges 10. største kraftprodusent og har eigardelar i omlag 2.700 GWh (150 000 husstandar). Vår driftssentral på Stord styrer og overvakar om lag 2.500 GWh. Vi treng no ny leiar til avdelinga.

Til ein av dei mest spennande stillingane i SKL søkjer vi no etter ny leiar. Kraftmarknaden er i rivande utvikling og hovudelementa i jobben vil vera:

- Leia krafthandelsavdelinga
- Sørgja for at vi har framtidretta system, der målsetjinga er å maksimera verdien av det vatnet vi disponerer
- Til jobben ligg det òg å ha ansvar for avdelinga som overvakar kraftverka våre igjennom ein døgnbemanna driftssentral
- Ha personalansvar for 10 personar

Kva vi ser etter:

Vi ser etter deg som har erfaring med, og trivst med personalansvar og ynskjer å bidra til ei avdeling som maksimerer verdien av det vatnet vi har. SKL omset for ca. 1 MRD NOK i eit normalår. Du er utviklingsorientert og vil jobba for at vi til ei kvar tid har framtidretta og konkurransedyktige system til hjelp i arbeidet. Avdelinga er eit nav i SKL, du samarbeider derfor godt med dei andre avdelingane i selskapet til det beste for SKL.

Stillinga inngår i SKL si leiargruppe.

Kontakt oss gjerne for ein uforpliktande prat om stillinga.

Kontaktperson er Adm. Dir. John Martin Mjånes, mobil 97 55 60 09.

E-post: [john.martin.mjaanes@skl.as](mailto:john.martin.mjaanes@skl.as)

Send søknad og CV innan 9. januar 2022 til [jobb@skl.as](mailto:jobb@skl.as)